

## Avtalevilkår

Gjeld ved kjøp av solcelleanlegg

Rev: 18.06.2021.



### 1. Generelt

Desse vilkåra gjeld for kjøp, levering og montering av komplett solcelleanlegg med tilhøyrande tenester (heretter kalla for «produktet») mellom Finnås Kraftlag AS («seljar») og kjøpar av produktet («kunden»).

Sal av solceller til privatkundar er underlagt forbrukarlovgevinga.

Ved bestilling gir kunden Finnås Kraftlag AS fullmakt til å:

- Henta inn nødvendige opplysningar frå nettselskapet for å sjekka om det er kapasitet i straumnettet der kunden er kopla til. Om det ikkje er kapasitet til installasjon av fullverdig anlegg, vil ein få eit tilbod på ein redusert installasjon tilpassa dagens kapasitet.
- Hente inn opplysningar om straumforbruket til installasjonen siste 12. mnd/år
- Dele nødvendige kundeopplysningar med våre underleverandørar på montasje og utstyr. Sjå også våre retningslinjer for [personvern](#).

### 2. Bestilling og levering

#### Bestilling og avtale

Når kunde har gjennomført bestilling, mottatt priskalkyle og stadfesta avtale, oppstår det ein juridisk bindande avtale. Bestilling kan skje via Finnås Kraftlag si nettside, over telefon eller ved å akseptere eit skriftleg tilbod frå seljar. Stadfesting av avtale må skje skriftleg.

#### Atterhald om kredittvurdering

Finnås Kraftlag har rett til å foreta kredittvurdering av kundar og kan avslå/kansellere leveranse i tilfelle der kunde ikkje er vurdert kredittverdig.

#### Levering

Produktet skal leverast på den stad som er skriftleg avtalt. Leveringstida avtalast for kvart enkelt anlegg. Levering er å rekna som skjedd når produktet er overtatt av kunde. Risikoen går over på kunde når produktet er levert. Dersom produktet går tapt, vert skada eller minskar i verdi som følgje av hendingar som ikkje skuldast seljar, pliktar kunde å betale kjøpesummen fullt ut i samsvar med avtalt nedbetalingsplan.

Kunde er sjølv ansvarleg for å melda frå til eige forsikringselskap om installasjon av produktet på sin eigedom.

#### Salspant

Eigedom retten til produktet vert først overført når full betaling er mottatt av seljar. Som trygging for kravet på kjøpesummen har seljar salspant i det leverte produktet inntil den heile og fulle

kjøpesummen, med tillegg av renter og omkostningar er betalt, jf. pantelova §3-14 og alternativt også pantelova §3-22 (1). Produktet kan ikkje avhendast, seljast vidare eller pantsetjast utan samtykke frå seljar. Dersom det er gjort ein nedbetalingsavtale, foreldes salspant når siste avdrag er innbetalt.

### **Atterhald om leveringsevne**

Ei kvar bestilling og/eller avtale mellom partane er inngått under føresetnad av at seljar har leveringsevne. Dette er ikkje nødvendigvis avklart på bestillings- eller avtaletidspunkt. Kunde må vera merksam på at seljar nokre gonger dessverre må kansellera ei bestilling/avtale grunna manglande leveringsevne (døme: dersom leverandør er utseld for produktet).

### **Avbestilling før montasje**

Kunde kan avbestille produktet i ein 21 dagars periode etter signering av kjøpsavtale. Om ein har starta opp leveransen før 21 dagar, kan ein ikkje avbestille. *Det er og mogleg å avbestille etter 21 dagar, men då må dette skje før oppstart leveranse. Om dette siste er tilfelle, kan seljar krevja påførte utgifter relatert til bestillinga/leveransen refundert.*

### **Angrefrist**

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller utanfor fast utsalsstad, gjeld lov om angrerett av 20.juni 2014 nr.27. Kunde skal opplysast om angreretten og få angreskjemaet utlevert. Dersom installasjon av produktet vert gjennomført og/eller kunde tar produktet i bruk før utløp av angrefristen, og seinare nyttar seg av angrerett må kunde betala for bruk kunde har gjort av produktet og tilhøyrande tenester, materiell og utstyr, og i tillegg demonterings- og returkostnad for mottatt produkt/utstyr. Angrefristskjema finn ein på våre nettsider

### **Reklamasjon**

Ved feil eller mangel må Kjøpar innan rimeleg tid etter at han eller ho har oppdaga, eller burde ha oppdaga mangelen, gi Seljar melding om at han eller ho vil hevde reklamasjon. Fristen for å reklamere er to månader frå tidspunktet Kjøparen oppdaga mangelen.

Reklamasjon må seinast skje innan fem år etter levering. Om Kjøpar ikkje reklamerer i tide, tapast retten til å få mangelen retta. Melding om feil og manglar på leveransen må sendast Seljar skriftleg, helst ved å sende e-post til [smart@finnas-kraftlag.no](mailto:smart@finnas-kraftlag.no). Stadfesting på mottak av reklamasjon vil sendast til den e-postadressa som er registrert på Kjøpar. Reklamasjonen vil registrerast av Seljar som første linje og dersom utstyr må skiftast, vil samarbeidspartnaren sendast ut for å skifte utstyret.

Utstyr som skiftast ut, returnerast til vår samarbeidspartnar. Dersom det ikkje føreligg ein mangel, vil Seljar krevje betaling for undersøkinga som har vore nødvendig for å avklare om det føreligg ein mangel.

### **Garanti**

Produktgarantien for den enkelte komponent i solanlegget er oppgitt i tilbodet. Arbeid og transportkostnader ved garantiutskiftingar inngår i vår leveranse. Kostnader og tap som skyldast utanforståande hendingar som eksempel brann, naturskade (flygande gjenstandar, trær og liknande) og skadar som kjøpar sjølv påfører anlegget, dekkast ikkje av garanti og er Kjøpars ansvar. Alle skadar skal meldes til Finnås kraftlag AS for oppfølging og reparasjon. Kjøpar kan ikkje sjølv eller gjennom annan installatør foreta utbetring av skade. Dersom dette gjerast vil garantien på

anlegget bli oppheva. Seljars garanti skal ikkje medføre redusert forpliking i høve forbrukarkjøpslova.

### 3. Pris og Betalingsvilkår

#### Kjøpesum

Pris og vilkår på solanlegget inklusive installasjon og montasje vert gitt i tilbodet til kjøpar.

Prisen omfattar alltid installasjon av eit komplett solcelleanlegg, inkludert alt materiale, arbeid, elektrikar og driftssetting, med mindre anna er opplyst i kjøpsavtalen eller dette dokumentet. Prisen omfattar ikkje søknad og avgifter relatert til søknad om byggjetillating i dei tilfelle der dette krevjast av lokale styresmakter.

#### Generelle forutsetningar

Prisene er basert på at installasjonen skjer under normale forhold der følgjande forutsetningar gjeld:

Inverter/vekselrettar monterast helst utandørs eller i eigna rom i same bygning som solcellepanela og sikringsskapet. (maksimalt 10m kabelstrek mellom sikringsskap og inverter) Kabel trekkast den enklaste og mest hensiktsmessige føringsveg. Det må vera fysisk plass til vekselrettar med minimum 20cm fri plass på høgre og venstre side, og 45cm fri plass over og under. Det anbefalast at det er eit lite tak over inverter som plasserast utvendig. Me gjer og merksame på at inverter kan generere noko støy ved høg belastning.

Kabelframføring både utandørs og innandørs skjer utanpå vegger. Skjulte kablar, innandørs eller utandørs er ikkje inkludert i prisen.

Eksisterande kabelrøyr brukast berre om det er praktisk og eigna for utstyret som brukast i prosjektet.

Hovudsikringar, fordeling og eventuelle delkretsar er tilstrekkeleg dimensjonert. Det må heller ikkje vera montert forankopla jordfeilbrytar eller jordfeilvarslar.

Sikringsskapet tilfredsstillar eksisterande forskriftskrav og har tilstrekkeleg med plass. Om det eksisterande sikringsskapet må utbetrast eller eit nytt sikringsskap må installerast, vil kunden fakturerast for alle tilleggskostnader separat.

Taket er eigna for montering av solcelleanlegget, og er i normal god stand.

Taket er ikkje dekket av skifer eller gras.

Takstein er ikkje spikra, skrudd eller montert med stormklips.

Kunden har oppgitt riktig taktekketil Finnås Kraftlag under planleggingsarbeidet. Feilaktig informasjon om taktekket eller takets tekniske stand kan gi meirkostnader som må dekkast av kunden.

Spesielle taktypar som stålplater, takpanner eller etternittplater, prisast separat og følgjer spesielle betingelsar. Om installasjonen ikkje skjer under normale forhold, eller forutsetningane over ikkje er innfridd, kjem prisen for solcelleanlegget til å minske eller auke i takt med dei faktiske kostnadane.

### **Faktura og betaling**

Kjøpesum vert fakturert etter at leveranse er gjennomført. Kjøpesum vil bli fakturert ilag med faktura for straum og/evt. breiband. Betalingsfrist normalt 14 dagar etter fakturadato. Faktura vert sendt ut til kunde anten som papirfaktura, e-faktura eller anna elektronisk sendemåte. Dersom kunde vel ein anna fakturatype kan det tilkomme fakturagebyr, etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar. Eventuelt tilleggsarbeid som ikkje er inkludert i standardleveranse frå Finnås Kraftlag AS, vert fakturert direkte til kunde frå montasjeselskapet.

Dersom kunde ikkje betalar faktura innan forfallsdato kan Finnås Kraftlag AS eller Finnås Kraftlag AS sin innfordringspartner senda varsel om purring til kunden sitt registrerte mobiltelefonnummer eller e-postadresse. Ved forseinka eller uteståande betaling kan Finnås Kraftlag AS krevje rente av kjøpesummen, jf. lov om rente ved forseinka betaling og krevje gebyr ved utsending av purring.

### **Nedbetalingsavtale**

Om ikkje anna er avtalt skal betaling for produktet skje ved nedbetaling av avtalt sum over 60 månadar. Nedbetalingsavtala er heilt rente- og kostnadsfri for kunde slik at finansavtalelovens kapittel 3 om kredittavtaler ikkje kjem til bruk.

Vilkår for nedbetalingsavtales gyldigheit er at kunde er eller blir straumkunde hos Finnås Kraftlag AS og at straumkundeforholdet vert oppretthaldt i heile nedbetalingsperioden.

Forpliktelsen til å vera straumkunde under slik nedbetalingsavtale vert avslutta og fell bort ved at kunde betalar resterande del av kjøpesummen for produktet. Dersom kunden seier opp straumavtala med Finnås Kraftlag AS, som er ein føresetnad for nedbetalingsavtalens gyldigheit, vert dette rekna som misleghald av nedbetalingsavtala, og den resterande del av kjøpesummen for produktet vert fakturert saman med sluttoppgjer.

### **Bindingstid**

Avtalen er gjort under føresetnad av at kjøpar er eller blir straumkunde hos Finnås Kraftlag AS i minimum 6 månader etter at avtale vert inngått. Dette vilkåret fell bort dersom kunde flyttar frå vårt leveringsområde (Bømlo Kommune med unntak av Brandasund).

### **Force majeure**

Dersom gjennomføring av partane sine plikter under avtaleforholdet, heilt eller delvis, vert hindra eller i vesentleg grad vanskeleggjort av forhold som ligger utanfor partane sin kontroll, suspenderast partane sine plikter i den utstrekking forholdet er relevant, for så lang tid som forholdet varer. Slike forhold inkluderer, men er ikkje avgrensa til, streik, lockout, uteståande eller forseinka leveransar frå seljar sine leverandørar og ein kvar anna

hindring som ligg utanfor partane sitt herredømme og kontroll. Seljar kan vidare annullere og/eller sei opp avtalen eller avbryte installasjon/levering utan ansvar ovanfor kunde dersom levering/installasjon ikkje kan gjennomførast som følge av forhold utanfor seljars kontroll som enten kompliserar installasjonsprosessen eller fører til vesentleg auka kostnader for seljar.

#### Tvist

Tvistar som partane ikkje lykkast i å løysa i minnelegheit, kan kvar av partane bringa inn for Forbrukarrådet, Forbrukartvistenemnda, Forlikrådet eller tingretten i samsvar med tvistelovas alminnelege vernetingsreglar.

Eventuelle klager kan rettast til:

Føretak: Finnås Kraftlag AS  
Adresse: Hollundsdaalen 1, 5430 Bremnes  
Telefon: 53 42 89 00  
E-post: [smart@finnas-kraftlag.no](mailto:smart@finnas-kraftlag.no)